


# Årsplan 2020-21



**Osterøy gårds  
og friluftsbarnhage AS**

«Trivsel, utfordringar og godt miljø»

## **Innhold:**

<b>Innleiing.....</b>	<b>side 2</b>
<b>Verdigrunnet til barnehagen .....</b>	<b>side 3</b>
<b>Barn og barndom</b>	
<b>Demokrati</b>	
<b>Mangfald og gjensidig respekt</b>	
<b>Likestilling og likeverd</b>	
<b>Berekraftig utvikling</b>	
<b>Livsmeistring og helse</b>	
<b>Formålet med og innhaldet i barnehagen.....</b>	<b>side 4</b>
<b>Omsorg</b>	
<b>Leik</b>	
<b>Danning</b>	
<b>Læring</b>	
<b>Vennskap og fellesskap</b>	
<b>Kommunikasjon og språk</b>	
<b>Barns medverknad.....</b>	<b>side 7</b>
<b>Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....</b>	<b>side 8</b>
<b>Overgangar.....</b>	<b>side 9</b>
<b>Barnehagen sine satsingsområde.....</b>	<b>side 10</b>
<b>Berekraftig utvikling</b>	
<b>Gard, natur og friluftsliv</b>	
<b>Kommunikasjon, språk og tekst</b>	
<b>Barnehagen som pedagogisk verksemd.....</b>	<b>side 12</b>
<b>Arbeidsmåtane til barnehagen.....</b>	<b>side 14</b>
<b>Fagområda til barnehagen.....</b>	<b>side 15</b>

## Innleing

Barnehagen skal vera ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Born og foreldre har rett til å medverka i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje borna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vera ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunngeve i barnehagelova og rammeplanen.

*(Rpl. 2017)*

Alle barn fortener eit godt barnehagetilbod. Me arbeider for å ta vare på det beste i barnehagetradisjonen og samstundes vidareutvikla oss for å gjere barnehagane enno betre. I samsvar med sentrale føringar nasjonalt og lokalt, ynskjer me:

- å sikra likeverdige og høg kvalitet i barnehagen
- å styrkja barnehagen som læringsarena
- at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Barnehagen sitt personale og deira kompetanse er den viktigaste ressursen og ein føresetnad for at barnehagen skal vera ein god arena for omsorg, danning, leik og læring. Ein felles årsplan for barnehagane i Osterøy er med og sikrar ei lokal forankring av Lov om barnehagar og Rammeplan. Det er og laga ein kvalitetsplan for barnehagane i Osterøy. Me brukar desse planane som ein del av utgangspunktet for vår årsplan, i tillegg til at me legg vekt på det som er spesielt for oss.

Årsplanen vår er ein arbeidsreiskap for personalet. Han skal gje informasjon til om det faglege innhaldet, kva satsing me har og korleis me vel å arbeida med føringane i rammeplanen. Årsplanen kan gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til myndighetsnivåa, samarbeidspartnarane til barnehagen og andre interesserte. Årsplanen skal godkjennast av SU.



## VERDIGRUNNLAGET TIL BARNEHAGEN

Barnehagen sitt verdigrunnlag skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Barndommen har eigenverdi, og barnehagen skal ha ein heilskapleg tilnærming til borna si utvikling. Barnehagen sitt samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta borna sitt behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta borna sitt behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng. *(Rpl. 2017)*

**Vår visjon: «Trivsel, utfordringar og godt miljø»**

**Viktige ord for oss: anerkjening, respekt, raus, trygg, omsorg.**

**Hovudmål: Alle borna skal bli sett og høyrte og få moglegheit til å utvikla vennskap med andre.**

### BARN OG BARNDOM

Barnehagen skal anerkjenna og verna om barndommen sin eigenverdi. Barnehagen skal bidra til at borna får ein god barndom, prega av trivsel, vennskap og leik. Barnehagen skal førebu borna på å delta aktivt i samfunnet og bidra til å leggja grunnlaget for eit godt liv. Barnets beste er eit grunnleggjande og overordna prinsipp. Barnet skal møtast som individ, og gjevast rom for eigne føresetnader, perspektiv og erfaringar. *(Rpl. 2017)*

Barndomen er viktig i seg sjølv. Omsorg og tryggleik er grunnleggjande for at born skal utvikla seg og tora å visa seg fram. Personalet skal støtta, anerkjenna og vera til stades for borna slik at dei vert sett og forstått. Personalet må vegleia, setja ord på og retta merksemda mot det borna gjer. Borna skal få lov til å prøva og feila. Dei skal finna ut kva som er rett og gale og skapa meistringskjensle gjennom ulike aktivitetar i leiken. Med personale som er til stades kan me møta kvart enkelt barn der dei er og ta vare på opplevinga i her og no situasjonar. Slik bidrar me til at borna utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og tru på eigne evner, i fellesskap med andre.

### DEMOKRATI

Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal borna få sjansen til å utvikla forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av. Barnehagen skal fremja demokrati og vera eit inkluderande fellesskap der får høve til å ytra seg, bli høyrde og få delta. Borna skal få oppleva demokratisk deltaking ved å bidra og medverka til innhaldet i barnehagen, på sine premissar. *(Rpl. 2017)*

Meir mangfald og individualisering gjev behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leva saman i fellesskap. Me vil lata barna løysa konflikhtar på ein demokratisk måte, ved at me høyrer på alle partar i ein konflikt. Me øver på at fleire born får vera med på å bestemma i leiken, slik at fleire stemmer vert høyrde. Det å øva seg på å balansera mellom å setja eigne behov og ynskje først og kva som er best for fellesskapet, er viktig for borna si demokratiske utvikling.

### MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT

Barnehagen skal fremja respekt for menneskeverdet ved å synleggjera, verdsetja og fremja mangfald og gjensidig respekt. Borna skal få oppleva at det finst mange måtar å tenkja, handla og leva på, samstundes som barnehagen skal gje felles erfaringar og synleggjera verdien av fellesskap. Barnehagen skal bidra til at alle barn

kjenner at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjera den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Mangfald skal vera ein ressurs i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen skal leggja til rette for kulturmøte og gje rom for borna si eiga kulturskaping. Borna skal få oppleva glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen skal synleggjera variasjonar i verdier, religion og livssyn, og syta for at alle born får spegla familien sin.

*(Rpl. 2017)*

Me vil at alle born og personale skal kjenna seg stolte over eigen identitet. Personalet skal ivareta språkleg og kulturelt mangfald og bruka det som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet. Dei skal støtta, styrkja og følgja opp borna ut frå deira eigne kulturelle og individuelle føresetnader. På den måten kan borna utvikla respekt for det som er ulikt. Me ynskjer at barnehagen skal spegla det samfunnet me er ein del av. Me vil anerkjenna forskjellar og ulikheiter, og sjå på dette som naturleg og ein rikdom for alle. Me ynskjer å sjå på mangfaldet som ein ressurs og er opptatt av at alle skal inkluderast i det fleirkulturelle fellesskapet og dei ulike familieformene som til ei kvar tid er representert i barnehagen.

### **LIKESTILLING OG LIKEVERD**

Barnehagen skal fremja likeverd og likestilling på alle område, motverka alle former for diskriminering og fremja nestekjærleik. Personalet må reflektera over eigne haldningar for best mogleg å kunna formidla og fremja likeverd og likestilling.

*(Rpl. 2017)*

Gjennom personalet sine haldningar og borna sine valmoglegheiter i leik og materiell vil me fremja likestilling og likeverd. Me vil byggja praksisen vår på prinsippet om likeverd og eit likestilt samfunn. Me vil reflektera over haldningane og praksisen vår slik at me på best mogleg måte formidlar og fremjar likeverd og likestilling.

### **BEREKRAFTIG UTVIKLING**

Borna skal læra å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Barnehagen skal fremja verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn, for på den måten bidra til å ta vare på jorda slik me kjenner det. Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag får dekka dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggja for framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekka sine behov. Barnehagen skal bidra til at borna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Det handlar om å tenkja og handla lokalt, nasjonalt og globalt.

*(Rpl. 2017)*

Gjennom gode naturopplevingar på tur i skog og mark gjev me borna eit grunnlag for å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremja gode haldningar og verdier for eit meir berekraftig samfunn. Borna skal gjera seg erfaringar med å gje omsorg og ta vare på omgjevnadane og naturen. Me er ein gards og friluftsbarnhage og har stor vekt på friluftsliv i all slags ver. Me legg vekt på gode opplevingar i naturen gjennom dei ulike årstidene. Born og personale deler mange opplevingar, dei er aktive og undrar seg saman. Gode opplevingar i naturen skaper tilhøyrsløse og kan fremja forståing for naturen sin eigenart og borna sin vilje til å verna om naturressursane. Dette er med på å hjelpe borna til å forstå samanhengar, noko som igjen kan bidra til forståing av at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.

### **LIVSMEISTRING OG HELSE**

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamna ut sosiale forskjellar. Barnehagen skal bidra til at borna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggja krenking og mobbing. Barnehagen pliktar å handtera, stoppa, og følgja det opp. Barnehagen skal vera ein trygg og utfordrande stad er borna kan prøva ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Borna skal få støtte til å meistra motgang, handtera utfordringar og verta kjende med eigne og andre sine

kjensler. Borna skal få dagleg ro, kvile og avslapping, men og fysisk aktivitet og stimulering av rørsleglede og motorisk utvikling. Måltid og matlaging i barnehagen skal gje barna eit grunnlag for å utvikla matglede og sunne helsevanar.

Personalet skal ha eit bevisst forhold til at born kan vera utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og vita korleis ein kan førebyggja og oppdaga dette. Personalet skal kjenna til opplysningsplikta til barnevernet, jfr. Barnehagelova § 22.

(Rpl. 2017)

Som ein del av arbeidet med å gje alle born i barnehagen eit godt psykososialt miljø, har me fokus på førebyggjande arbeid mot utestenging og mobbing. Barnehagen og heimen har eit felles ansvar for at mobbing ikkje får utvikla seg, og det er viktig å vera observant på endring i borna si åtferd. Eit tett samarbeid mellom heim og barnehage vil gjera det lettare å fanga opp dette. Born treng å få delta i leik, få venner og knyta vennsksbands då dette dannar grunnlaget for at dei skal trivast i barnehagen. Gjennom leik legg personalet til rette for gode relasjonar mellom borna. Dei skal oppleva å bli sett, høyrte og møtt av personale med positive forventningar. Personalet sine haldningar og evne til å sjå borna er avgjerande for at borna skal oppleva at dei er verdfulle og styrka deira kjensle av eigenverd.

Samstundes skal me gje borna støtte i å meistra motgang, kunna handtera utfordringar og verta kjent med eigne og andre sine kjensler. Grunnlaget for sosial kompetanse vert lagt i samhandling med andre.

Barnehageborna er sosiale aktørar som sjølv bidreg til eigen og andre sin trivsel, noko som er med på å fremja psykisk helse. Gjennom mange ulike motoriske aktivitetar ute og inne i kvardagen vert og den fysiske helsa styrka. Me brukar «Bra mat i barnehagen» som utgangspunkt for matlaging.

## FORMÅLET MED OG INNHALDET I BARNEHAGEN

Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Arbeidet med dei ulike områda i formål og innhald skal sjåast i samheng og samla bidra til allsidig utvikling hjå borna.

### Barnehagen skal vareta barnas behov for omsorg

Alle barn skal bli sett, forstått og respektert og får den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet, og mellom borna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.

#### Personalet skal:

- Bidra til å dekkja barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet
- for ro og kvile
- Leggja til rette for at borna kan knyta seg til personalet og kvarandre og skapa eit inkluderande miljø
- Sørge for at alle born trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrse til barnehagen
- Møta alle born på ein open, varm og interessert måte og visa omsorg for kvart enkelt barn
- Vera lydhøyre for kva borna uttrykkjer, og ta utgangspunkt i deira interesser
- Støtta og oppmuntra borna til å visa omsorg for andre og til sjølve å kunna ta imot omsorg
- Bidra til at borna kan utvikla tillit til seg sjølve og andre

### Barnehagen skal vareta barnas behov for leik

Barnehagen skal gje gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vera ein arena for utvikling og læring og for språkleg og sosial samhandling. Barnehagen skal inspirera til og gje rom for ulike typar leik både ute og inne, og bidra til at alle barn kan oppleva glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

**Personalet skal:**

- Organisera tid, rom og leikemateriale for å inspirera til ulik leik
- Bidra til at borna får felles erfaringar som grunnlag for leik og leggja til rette for utvikling av leiketema
- Skapa eit inkluderande miljø der alle borna kan delta og erfara glede i leik
- Observera, analysera, støtta, delta i og gjera leiken meir verdifull på borna sine premisser
- Rettleia borna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster
- Vera bevisste på og vurdera si eiga rolle og deltaking i leiken
- Ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken

**Barnehagen skal fremja danning**

Barnehagen skal fremja samhald og solidaritet, samstundes som ein skal verdsetja og følgja opp individuelle uttrykk og handlingar. Barnehagen skal bidra til at borna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet og bidra til å fremja tilhøyrsla til samfunnet, naturen og kulturen. Borna skal få delta i avgjerdsprosessar og vera med på å utvikla felles innhald. Borna skal støttast i å uttrykkja synspunkt og skapa mening i den verda dei er del av. Barnehagen skal hjelpa borna til å utvikla kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yta motstand og handlingskompetanse som kan bidra til endringar.

**Personalet skal:**

- Leggja til rette for meningsfulle opplevingar og støtta identitetsutviklinga og den positive sjølvforståinga til barnet
- Støtta borna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjera og verdsetja ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet
- Leggja merke til, anerkjenna og følgja opp borna sine perspektiv og handlingar
- Utforska tenkinga til borna og invitera dei inn i utforskande samtalar
- Synleggjera og framheva mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

**Barnehagen skal fremja læring**

Barna skal oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leika, utforska, læra og meistra. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Borna skal få undersøkje, oppdaga og forstå samanhengar, utvida perspektiv og få ny innsikt. Dei skal få bruka heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine og barnehagen skal bidra til eit læringsfellesskap der borna får bidra i eiga og andre si læring.

**Personalet skal:**

- Sørja for eit inkluderande fellesskap og leggja til rette for at born kan bidra i eiga og andre si læring
- Legga til rette for heilskaplege læringsprosessar som fremjar trivsel og allsidig utvikling hjå borna
- Vera merksame på borna sine interesser og engasjement og leggar til rette for læring i ulike situasjonar og aktivitetar
- Støtta og bidra til borna sitt initiativ, undring, nysgjerrigheit, kreativitet, læringslyst og tiltru til egne evner
- Utvida borna sine erfaringar og sørja for progresjon og utvikling i innhaldet i barnehagen
- Støtta borna sine refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skapa forståing og mening saman med dei
- Sørja for at alle born kan få rike og varierte opplevingar og erfaringar, utfordringar og meistringsopplevingar



**Barnehagen skal fremja vennskap og fellesskap**

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungera godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskap og haldningar som vert utvikla gjennom sosialt samspel. Alle born skal kunna erfare å vera viktige for fellesskapet og vera i positivt samspel med andre born og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggja til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Borna si sjølvkjensle skal støttast, samstundes som borna skal få hjelp til å meistra balansen mellom å dekkja sine egne behov og ta omsyn til behova andre har.

**Personalet skal:**

- Støtta borna sine initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leika med andre, oppleva vennskap og læra å halda på vener
- Samtala om og invitera borna med til å utforma normer for samhandling i fellesskap
- Støtta borna i å ta andre sitt perspektiv, reflektera over egne og andre sine kjensler, opplevingar og meiningar
- Støtta borna i å setja egne grenser, respektera andre sine grenser og finna løysingar i konfliktsituasjonar
- Førebyggja, stoppa og følgja opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster

**Barnehagen skal fremja kommunikasjon og språk**

Kommunikasjon og språk påverkar og vert påverka av alle sider ved borna si utvikling. Dette må personalet vera bevisste på. Gjennom dialog og samspel skal borna verta støtta i å kommunisera, medverka, lytta, forstå og skapa meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetja borna sine ulike kommunikasjonsuttrykk og språk. Alle born skal få god språkstimulering i kvardagen og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

**Personalet skal:**

- anerkjenne og respondera på både dei verbale og ikkje-verbale uttrykka til borna og støtta språkutviklinga deira
- stimulera og leggja til rette for at alle borna vert involverte i samspel og samtalar
- sørgja for at alle borna får varierte og positive erfaringar me å bruka språk som kommunikasjonsmiddel og for å uttrykka egne tankar og kjensler
- vera bevisste på rolla som språkleg førebilde og vera lydhøyre i all kommunikasjon med borna
- følgja med på kommunikasjonen og språket til borna og fanga opp og støtta born som har ulike kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfald vert noko positivt for heile barnegruppa

**BARNES MEDVERKNAD**

Barnehagen skal sikra borna sin rett til medverknad ved å leggja til rette for og oppmuntra til at borna kan få gje uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen. Borna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av barnehageverksemda. Alle born skal få erfare å få påverka det som skjer i barnehagen, men dei skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.

**Mål:** Å sikra borna retten til å verta sett og høyrte og gje dei moglegheit til å påverke eigen kvardag.

**Tiltak for å nå målet:**

- Personalet er tett på borna, i samtale og observasjon.



- Huga at kroppsspråk er og språk, på linje med talespråk.
- Personalet er lyttande og bekreftande og støttar borna.
- Personalet viser respekt for borna og tar dei på alvor.
- Borna får ansvarsoppgåver etter alder og modning.
- Borna sine innspel og forslag vert følgd opp av personalet, gjennom samtale, refleksjon og handling.
- Borna vert oppmuntra til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar.
- Me gjennomfører barnesamtalar og barnemøter med 5 åringane.

Den viktigaste føresetnaden for å ta borna sin medverknad på alvor er personalet si evne til å støtta borna sine initiativ. Personalet må by på seg sjølv og vera ekte. Born treng tydelege og ansvarsfulle vaksen som ser både enkeltbarnet og gruppa. Autoritativ (varm og grensesetjande) vaksenstil er mål for personalet. God kommunikasjon mellom borna og personalet, og mellom personalet og foreldra er og ein viktig føresetnad for å ta borna sin rett til medverknad på alvor.

## SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal vareta foreldra sin rett til medverknad og samarbeida nært og i forståing med foreldra. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikla seg.

Barnehagen skal leggja til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra, på alle plan: på individnivå, gruppenivå, gjennom foreldreråd og samarbeidsutval.

Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalta. Barnehagen må arbeida for at barnet ikkje skal koma i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen.

For å sikra samarbeidet med heimane, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd (FAU) og eit samarbeidsutval (SU).

**Mål for foreldresamarbeidet:** Born og foreldre skal trivast i barnehagen. Foreldre/føresette er den viktigaste samarbeidspartnaren vår. Me ynskjer openheit og tillit i kommunikasjonen med alle foreldre. Foreldra må kjenna at dei har innverknad på arbeidet med borna, og kjenna seg trygge nok til å ta opp saker og synspunkt med dei tilsette. Me ynskjer at foreldre/føresette skal koma med innspel og idear til arbeidet vårt i barnehagen. Me tar gjerne imot konstruktiv ris og ros.

### Våre tiltak for å oppnå dette:

- Personalet tek i mot barnet med glede og varme.
- Personalet er opne i kommunikasjonen med foreldra og har ei «open dør» haldning.
- Personalet er lydhøyre og rause i forhold til foreldra sine ynskje og meiningar.
- Personalet supplerer heimen gjennom å ha respekt for – og ta omsyn til foreldra sine ynskje. Ved usemje inviterer me foreldra til dialog.
- Foreldra vert presentert for relevant informasjon. Nye foreldre får informasjonshefte.


- Gjensidig informasjon ved levering og henting.
- Relevant informasjon på info-tavla. Skriva på dagen-i-dag tavla, eller hengja opp bilde. Bruka Facebook.
- Foreldre vert tilbydd to foreldresamtalar i løpet av eit barnehageår, fleire om nødvendig.
- Det vert halde minst eitt foreldremøte kvart år.
- Eige foreldremøte for foreldre til nye born i barnehagen.
- Brukarundersøking vert gjennomført om lag annakvart år.
- Foreldre vert invitert til å bidra og delta på ulike arrangement.
- Det vert valt tre foreldreprerantar på foreldremøtet om hausten. Desse utgjør FAU (foreldrerådet sitt arbeidsutval), samt at dei er ein del av SU (samarbeidsutvalet i barnehagen). To er ordinære representantar, ein er vararepresentant.
- Foreldre informerer barnehagen om ting som kan påverka borna sin kvardag (td. sjukdom, død, skilsmisse, flytting...)

## OVERGANGAR

### Å byrja i barnehagen

Før barnet startar i barnehagen får alle nye foreldre utdelt eit velkomstskriv. Her gjev me praktisk informasjon om dagsrutinar, organisering, måltid, fokusområde, personale mm. Foreldre vert og invitert til foreldremøte i før barnehageåret tar til, vanlegvis i mai – juni. Foreldre vert oppmoda om å besøkja barnehagen saman med barnet ila. juni – juli, gjerne fleire gongar. Når barnet byrjar i barnehagen får det ein kontaktperson som følgjer barnet ekstra tett i tilvenningstida. Me tilpassar tilvenninga individuelt, slik at kvart barn får den tida det treng til å verta kjent og etablere relasjonar til kontaktpersonen og andre born og personale. Godt samarbeid med heimen er viktig for å skapa tryggleik både for barn og føresette.

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999



## Overgangar i barnehagen

Når barnet skal byta barnegruppe som treåring, skal personalet syta for at born og foreldre får tid og rom til å verta kjente med born og personale i den nye gruppa. Me brukar tid på våren til å vera ein del saman med den nye gruppa borna skal over til, og tar gjerne eit steg tilbake om hausten dersom me ser at det trengst for nokon av borna.



## Overgang mellom barnehage og skule

Barnehagen skal i samarbeid med føresette og skulen leggja til rette for ein trygg og god overgang frå barnehagen til skulen. Siste året før skulestart har borna førskulegruppe med ulike aktivitetar relatert til skulen. Me prøver å få besøkt dei skulane borna skal byrja på, i løpet av våren. Barnehagen følgjer Osterøy kommune sin plan for overgang mellom barnehage og skule.

## SATSINGSOMRÅDE

### BEREKRAFTIG UTVIKLING

Berekraftig utvikling er ein del av verdigrunnlaget til rammeplanen og handlar om at me som lever i dag får dekkja våre grunnleggjande behov utan å øydeleggja for komande generasjon. Barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremja verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. Barnehagen skal bidra til at borna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. (Rpl. 2017). Frå hausten 2020 vil me ha ekstra fokus på dette omgrepet i ulike samanhengar.

Berekraft omfattar fire område: demokrati, sosiale forhold, økonomi og naturvern.



### GARD, NATUR OG FRILUFTSLIV

Gjennom fokus på gard, natur og friluftsliv ynskjer me å ha ekstra fokus på miljø. Garden har ulike dyr, og gjennom omsorg for, og stell av dyra lærer borna om kva behov dei ulike dyra har og kva me må gjera for å ta vare på dei. Me har frukttre og bærbusker, og me sår og haustar poteter og grønsaker. Gjennom deltaking i dette arbeidet ynskjer me at borna skal få ei forståing av kva som krevst for å produsera mat. Borna skal og få oppleve gleda ved å oppleve at dei kan eta det dei har vore med og sådd. Berekraftig utvikling er naturleg å trekkja fram ved at ein har fokus på å dyrka på naturleg måte, utan bruk av kjemiske hjelpemidlar. Me ynskjer å unngå å forsøpla naturen og tar med oss søppel tilbake til barnehagen for å kasta det i rett konteinar.

Barnehagen ligg midt i naturen, og me brukar nærområdet dagleg. Me ynskjer at alle skal oppleve gleda ved å vera ute i skog og mark, uansett ver. Leik og læring heng saman, og me brukar naturen til begge delar. Gjennom å aktivt ta i bruk naturen som læringsarena, kjem me innom alle område i Rammeplanen. Berekraftig utvikling, samt livsmeistring og helse er to område det er naturleg å trekkja fram. Berekraft handlar m.a. om å ta vare på oss sjølve, kvarandre og jorda vår, på ulike plan. Livsmeistring handlar m.a. om at me skal vera med og skapa trygge, robuste barn som opplever ei kjensle av at dei har ein eigenverdi. Barnehagen skal vera helsefremjande og førebyggjande, både psykisk og fysisk, og jobba aktivt mot mobbing

og krenking. Dersom eit barn opplever å verta krenka eller mobba skal barnehagen handtera og stoppa det, og følgja det opp.

Personalet må vera undrande og spørjande saman med borna, og dei må visa genuin interesse for det borna er opptatt av. Like eins må personalet leggja til rette for, tilføra nytt, og ta vare på vennskap og gode relasjonar som utviklar seg i leiken. Borna skal få støtte til å meistra motgang og handtera utfordringar. Både arbeidet med dyra våre og å ferdast i naturen er gode arenaer for å utvikla sosial kompetanse.

### HOVUDMÅL:

**Gardsdrift:** Borna skal få oppleva glede ved omsorg og stell av dyr, og ved dyrking av eigen mat.

#### Delmål:

- få kjennskap til dyra og kva behov dei har
- få kjennskap til korleis ein kan dyrka mat

**Natur og friluftsliv:** Borna skal få oppleva meistring og glede ved å ferdast i skog og mark.

#### Delmål:

- utvikla og beherska grunnleggjande motoriske ferdigheiter
- få kjennskap til dyr og plantar i nærmiljøet
- få kjennskap til korleis våre handlingar påverkar naturen
- ta naturen i bruk som boltreplass i leik og aktivitetar
- fokus på berekraftig miljø

**Tiltak for å nå måla:** Tiltak vert tilpassa dei ulike aldersgruppene

- borna får gradvis tilvenning til å vera ute og å ferdast i naturen
- følgja årstidene og få erfaringar med alle typar vær og endringar i naturen
- leggja til rette for leik og aktivitetar i naturen
- formingsprosjekt ute og inne, med naturmateriale
- mata og stella dyra etter tur (grupper).
- hausta frukt og bær
- dyrka poteter og grønsaker
- laga mat av råvarer frå naturen



- 
- laga mat på bål
  - turar til dei ulike plassane i nærmiljøet: Lavvoplassen, Vikingplassen, Trollskogen, Soltoppen, Venneplassen...
  - kjeldesortering, ha fokus på miljøvern, bærekraftig utvikling
  - studera dyr, fuglar, insekt og plantar.

## KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Språk som basiskompetanse er ein av barnehagen sine viktigaste oppgåver og vesentleg for borna si utvikling. Språkleg kompetanse hjå born betyr noko for identitet, og for borna si evne til å forstå og kommunisera, byggja relasjonar og forhalda seg til andre. Barnehagen si tilrettelegging av språkmiljøet er avgjerande for borna sin kommunikasjon med andre, for korleis dei kan delta i lek og medverka i kvardagen. Personalet er svært viktige som språklege rollemodellar i dette arbeidet. Dei må ha kunnskap om språkutvikling og bruka denne aktivt. Les meir om dette temaet under fagområde i barnehagen, lenger nede.

**Mål:** Eit godt språkmiljø for alle barn.

### Tiltak for å nå målet:

- Auka kompetansen til alle tilsette gjennom systematisk arbeid med språk.
- Gjennomføra språkløyper som kompetansetiltak for personalet.
- Refleksjon rundt språk og lesing på gruppemøte, personalmøte og foreldremøte.
- Medviten bruk av bøker, forteljingar, rim, regler, ellingar og samtalar med borna.
- Høgtlesing for borna kvar dag.
- Bruk av konkretar i samband med lesing og samtale.
- Bruka systematisk observasjon av språkutviklinga, td. Alle Med og Tras.

## BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Barnehagen si pedagogiske verksemd vert planlagt, dokumentert, vurdert og vidareutvikla i ein kontinuerleg prosess. Gjennomføring av planane er fleksible, med rom for spontanitet og medverknad frå born og foreldre. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje borna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vera ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunngeve i barnehagelova og rammeplanen

### PLANLEGGING

Planlegging gjev personalet grunnlag for å tenkja og handla langsiktig og systematisk. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon både for enkeltbarn og barnegruppa og gjer synleg korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen. Planlegginga skal vera utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda. i overordna mål, systematisk vurdering ved hjelp av observasjon, dokumentasjon, refleksjon og ved samtaler med barn og foreldre.

*(Rpl. 2017)*

Planleggingsverktøy: Årsplan, temaplanar, månadsplanar, vekeplanar og andre planar som måtte utarbeidast for kortare eller lengre tidsrom. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer val og

grunngevingar barnehagen har. Årsplanen kan og gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid til ulike myndigheiter og samarbeidspartnarar. Årsplanen skal fastsetjast av SU.

## VURDERING

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikra at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

(Rpl. 2017)

Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. Vurderingsarbeidet skal byggja på refleksjonar som heile personalet er involverte i, og gir utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Faglege og etiske problemstillingar skal inngå i vurderingsarbeidet. Kunnskap om, og observasjon av trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og blant enkeltbarn skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

Kva skal vurderast	Kvifor	Kven deltek	Korleis og når
Kvart enkelt barn sin trivsel, utvikling og behov.	Sikra barnet sin trivsel.	Barnet	Barnesamtalar Gruppesamtalar
Gruppa sin trivsel og behov	Sikra at barnet får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.	Personalet	Fortløpande evaluering.  Observasjon av barnet i kvardagen. Observasjon av barnegruppa i kvardagen.  Dagleg kommunikasjon med føresette, foreldresamtalar Leiarmøte, gruppemøte og personalmøte

## DOKUMENTASJON

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjonen skal inngå i arbeidet med å planleggja, vurdere og utvikla den pedagogiske verksemda. Dokumentasjonen vert nytta til å synleggjera, vurdere og evaluera arbeidet til barnehagen og gjev oss eit grunnlag for refleksjon for det vidare arbeidet. Dokumentasjon er også ei kjelde til informasjon for foreldre, barnehagetenesta og eigar.

(Rpl. 2017)

Vurdering av trivsel og allsidig utvikling hjå enkeltbarn og barnegruppa skal dokumenterast når det er nødvendig for å gje eit tilrettelagt tilbod. Det kan gje grunnlag for å tilpassa og vidareutvikla det pedagogiske arbeidet. Me må alltid leggja til grunn eit etisk perspektiv på dokumentasjonen og ta omsyn til at born har rett til vern om sin personlege integritet. Personopplysningar skal behandlast i samsvar med lova. Foreldra har rett til å dokumentasjon om eigne born og få korrigert feilaktige eller misvisande opplysningar.

Dokumentasjonsverktøy: Dagen i dag, månadsbrev, observasjonar, foreldresamtalar, brukarundersøking, borna sitt arbeid, bilete, referat, medarbeidarsamtalar, medarbeidarundersøking.

## TILRETTELEGGING AV DET ALLMENNPEDAGOGISKE TILBODET FOR BORN SOM TRENG EKSTRA STØTTE

Barnehagen skal tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnaden til borna, også når enkeltbarn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at born som treng ekstra støtte, får dette tidleg. Tilrettelegginga skal vurderast og justerast undervegs, i tråd med behova



og utviklinga til barnet. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplysa foreldra om retten til å krevja ei sakkunnig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. *(Rpl. 2017)*

## ARBEIDSMÅTANE TIL BARNEHAGEN

Arbeidsmåtene skal vareta borna sitt behov for omsorg og leik, fremja læring og danning og gje born høve til å medverka. Personalet skal bruka varierte arbeidsmåtar som skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Arbeidsmåtene kan bidra til å skapa engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføra nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. *(Rpl. 2017)*

### Personalet skal:

- Ta utgangspunkt i borna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ både dagleg og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt
- Byggja på kreativitet og leik, vera opne for improvisasjon og medverknad og veksla mellom spontane og planlagde aktivitetar
- Stimulera borna si undring, og evne til å stilla spørsmål, søkja opplevingar, ta initiativ og meistra nye ting
- Arbeida tverrfagleg og heilskapleg, gje borna varierte inntrykk og høve til å uttrykkja seg på ulike måtar
- Inkludera nærmiljø og lokale forhold ved planlegging og gjennomføring av aktivitetar
- Jamleg vurderer om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisera rammeplanen

### PROGRESJON

Progresjon inneber at alle borna skal utvikla seg, læra og oppleve framgang. Barnehagen skal leggja til rette for at born i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Personalet skal utvida og byggja vidare på borna sine interesser og gje dei varierte erfaringar og opplevingar. Barnehagen skal leggja til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikar, materiale og utforming av fysisk miljø. Utfordringane skal vera tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene deira. *(Rpl. 2017)*

### Personalet skal:

- Oppdaga, følgja opp og utvida det borna alt er opptekne av
- Planleggja og leggja til rette for progresjon i barnehageinnhaldet for alle born
- Bidra til at borna både får meistringsopplevingar og noko å strekkja seg etter
- Leggja til rette for fordjuping, attkjenning og gjentakning i innhald og arbeidsmåtar
- Introdusera nye perspektiv og leggja til rette for nye opplevingar og erfaringar
- Skapa progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leikar, verktøy og utstyr og gjera desse tilgjengelege for borna

### DEN DIGITALE PRAKSISEN TIL BARNEHAGEN

Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtta opp om borna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle born. Personalet skal vera aktive saman med borna ved bruk av digitale verktøy. Digitale verktøy skal brukast med omhug og ikkje dominera som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøva digital dømmekraft og bidra til at borna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium. *(Rpl. 2017)*



**Personalet skal:**

- Utvisa digital dømmekraft ved informasjonssøk, ha bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk og verna om personvernet til borna
- Leggja til rette for at borna utforskar, leikar, lærer og skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- Vurdera om mediebruken er relevant og eigna og delta i mediebruken til borna
- Utforska kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med borna

**Kompetanseutvikling**

I samarbeid med dei andre barnehagane i Osterøy har me gjennomført mykje kompetanseutvikling i barnehagen:

Me har gjennomført kompetanseløftet »Være Saman». Dette handlar mykje om vaksenrolla og korleis me som personale er i samhandling med borna, og korleis me gjennom positiv samhandling påverkar borna til å verta trygge og empatiske born med gode blick for kvarandre.

Barnehagen er i kontinuerleg utvikling. Me har gjennomført eit utviklingsarbeid om Lærande Barnehage, der fokus er på korleis ein utviklar og fornyar seg gjennom systematisk bruk av Lærande Møter, der strukturen i dei ulike møta brukast bevisst til å fremja utvikling.

Me har hatt og har framleis stort fokus på språk. Språkutvikling er noko av det viktigaste ein arbeidar med i barnehagen, og me brukar «Språkløyper» som kompetansehevande tiltak for heile personalgruppa.

Me har siste året og hatt stor fokus på mobbing, utestenging og krenking, og korleis ein skal forstå og gripa dette an i lys av ny lovparagraf som trer i kraft i 2021. Dette arbeidet vil fortsetja framover.

**FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN**

Rammeplanen seier noko om kva barnehagen skal jobbe med og korleis ein skal gjera dette. Det er sju fagområde ein skal arbeida ut i frå. Desse dekkjer eit vidt læringsfelt og opptre sjeldan isolert i barnehagen. I samband med leik, turar, temaarbeid og kvardagsaktivitetar er oftast fleire av fagområda representerte. Arbeidet med fagområda skal tilpassast barna i høve til alder, modning og utviklingsnivå. Barnehagen skal ta omsyn til barna sine interesser, ferdigheiter og kunnskap i arbeidet med dei ulike fagområda.

**KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST**


Gjennom arbeidet med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at borna får mange og gode erfaringar med språk og tekst og møter eit variert ordforråd, noko som er avgjerande for utviklinga av omgrep. Barnehagen skal bidra til at borna uttrykkjer kjensler, tankar, meiningar og erfaringar, og brukar språket for å skapa relasjonar og delta i leik.

**Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:**

- Me har kommunikasjon, språk og tekst som eitt av våre tre satsingsområde, les meir under satsingsområde.
- I samlingsstunder bruker me songar, rim, regler og historieforteljingar tilpassa barnegruppa sin alder. Barna får fortelje om opplevingar. Me klappar rytmar og namn. Me dramatiserer forteljingar.
- Me er medvitne korleis me snakkar med borna og går ned på deira høgde når me snakkar med dei.
- Me gjev oss tid til å lytta til det borna fortel og er observante både på den verbale og non-verbale kommunikasjonen deira.
- Me bekreftar lydar, namngjev ting og har blickkontakt.
- Me brukar språket aktivt i kvardagssituasjonar som til dømes stell, påkleding og under måltid.

- Me støttar borna sitt språk ved å vera tilgjengeleg i leik og andre aktivitetar.
- Papir og skrivesaker er lett tilgjengelege.
- Bokstavar og tal heng på veggane.
- Borna har namn og bilete på plassen sin.
- Utstyr og leikar, som ligg i kassar og liknande, er vist med både bilde og tekst.
- Bøker står lett tilgjengelege for borna.
- Ulike spel er tilgjengelege.
- Borna får erfaringar med tekst i samband med plakatar og beskjedar dei vaksne skriv og heng opp.

## KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE



Barnehagen skal leggja til rette for at alle barn kan oppleva rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Borna skal oppleva motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader, dei skal kunna bli kjende med kroppen sin og bevisste på eigne og andre sine grenser.

### Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:

- Dagsrytmen i barnehagen gjev variasjon mellom måltid, aktivitet og kvile.
- Me brukar aktivt terrenget rundt oss gjennom heile året og i all slags vår.
- Inne legg me opp til meir finmotoriske aktivitetar som td. teikning, maling, perling, pusling, klipping og liming. Mykje av dette gjer me ute og.
- Me har speil der barn kan sjå seg sjølv og studere kroppen.
- Me snakkar med borna om kropp og grenser.
- Ved påkledning i garderoben namngjev me dei ulike kroppsdelane.
- Uteområde og uteleikar innbyr til ulike kroppslege aktivitetar som til dømes sykling, klatring, kryping, rulling, hopping, leik i sandkassen.
- Naturleikeplassane vert brukt til variert fysisk aktivitet.
- Me oppmodar barna til å prøve ting sjølv før dei spør om hjelp.
- Me gjev barna gode vanar i høve til handvask og hygiene.
- Måltida me serverer i barnehagen skal bidra til at barna får kunnskap om eit sunt kosthald og kva som er næringsrik mat. Me oppmuntrar alltid barna til å smake. Me brukar «God mat i barnehagen» som utgangspunkt.
- Borna har vassflasker tilgjengeleg heile dagen.
- Frukt og grønt er ein naturleg del av måltidet.



## KUNST, KULTUR OG KREATIVITET



Opplavingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggja grunnlag for tilhøyrsløse, deltaking og eige skapande arbeid. Barnehagen skal gje borna høve til å få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gjev borna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Personalet skal støtta borna i å vera aktive og skapa eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.

### Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Me legg til rette for at borna kan nytta ulike formingsmateriale.
- Me synleggjer produkta til borna ved og hengja dei opp/stilla dei ut.
- Me viser respekt for borna sine uttrykksformer og oppmuntrar dei til å utfalda seg.

- Me brukar naturmateriale til å skapa kunstverk, både ute og inne.
- Utkledningskle er tilgjengeleg for barna.
- Me legg til rette for at borna kan opptre.
- Bøker er tilgjengeleg for borna.
- Me fortel eventyr, rim og regler.
- Me formidlar barnekulturen gjennom ulike song- og barneleikar.
- Ut frå borna sine ynskje høyrer me på musikk og dansar.
- Me les for borna.
- Me brukar songar i samlingsstund og spontant saman med borna.



## NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI



Oppleringar og erfaringar i naturen kan fremja forståing for eigenarten til naturen og borna sin vilje til å verna om naturressursane, ta vare på det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at borna vert glade i naturen og får erfaringar og oppleringar av naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggja til rette for at borna skal vera nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, kjenna tilhøyrslar til naturen og gjera erfaringar med å bruka teknologi og reiskapar.

### Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Natur og friluftsliv er ein del av satsingsområdet til barnehagen, les meir under satsingsområde.
- Me nyttar aktivt terrenget og moglegheitene me har rundt oss.
- Me er ute kvar dag, uansett vêr.
- Me oppmuntrar barna til og sjå på kva som er rundt dei og er tilgjengelege viss barna har spørsmål.
- Me undrar oss saman med barna over det me ser.
- Me reflekterer og samtalar med borna om samanhengar i naturen.
- Me byggjer ulike installasjonar på naturleikeplassane våre.
- Me leitar nokre gongar i bøker og på internett etter svar på undringa vår.
- Me lærer barna å ta vare på naturen og ikkje skada han.
- Me tar med søppel tilbake til barnehagen
- Barna får erfaring med mobilkamera når me tar bilete i barnehagen.
- Nokre gonger ser me film og borna får erfara korleis nettbrett og projektor fungerer.
- Barna får vere med når me bruker datamaskin, kopi- og lamineringsmaskin.
- Barna får lære om kjeldesortering i barnehagen. Me sorterer restavfall, papir/papp, plast og metall.



## MENGD, ROM OG FORM



Fagområdet handlar om å oppdaga, utforska og skapa strukturar og hjelper borna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjera samanhengar og leggja til rette for at borna kan utforska og oppdaga matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved sjølve å vera kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulera borna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

### Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Me brukar matematiske omgrep aktivt i kvardagen.

- Me støttar og byggjer vidare på barns nysgjerrigheit og interesse for tal, mengd, rom og form.
- Me brukar bøker, spel leikar, utstyr, naturmateriale, og digitale verktøy for å inspirera borna.
- Me samtalar med borna for å utdjupe deira matematiske tenking.
- Me synleggjer ulike former i barnehagen.
- Barna får erfaring med dagar, datoar og månadar i samlingsstunda.
- Borna får erfaring med tid. Frukost, samling, utetid, tid for lunsj osv.
- Me lar borna møte tal og ulike former i barnehagen til dømes på veggjar, i samlingsstunder, under måltid, i leik ute og inne, i naturen m.m.
- Me legg til rette for at borna skal få erfaring med ulike typar måleiningar gjennom til dømes baking og eksperimentering.
- Me har tilgjengeleg ulike typar spel som tar for seg former, tal mengd.
- Borna får erfaring med klassifisering gjennom aldersinndelte grupper, lesegrupper, ulike spel.
- Borna får telja opp og dekkja på bordet.
- Borna får erfaring med former og mønstre gjennom perling, maling, ulike klossar.
- I uteleiken fyllar borna sand og vatn oppi bøtter og ulike former. Dei får erfaringar med mengde. Dei lagar vegar og konstruerer hus.



## ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI



Etikk, religion og filosofi er med på å forma korleis me oppfatar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald. Borna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Barnehagen skal skapa interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre

menneske. Barnehagen skal gjennom samtale og undring saman med borna bidra til å leggja grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

### Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Ser på ulikskapar hjå kvarandre som noko positivt som skapar mangfald og lærar borna å respektera at me er ulike.
- Me respekterer borna sine kjensler og lar dei få uttrykkje kjenslene sine.
- Me oppmodar borna til å lytta og høyra på kvarandre, og på den måten lettare kunna setja seg inn i den andre sin situasjon.
- Me viser omsorg for borna slik at dei lettare lærer å visa omsorg for kvarandre.
- Me rosar gode handlingar.
- Me tek tak i konflikhtar og snakkar med borna om korleis me kan løysa konflikhtar. Borna får prøve å løysa konflikten før me hjelper til, når dette er naturleg.
- Me markerer den kristne julehøgtida og evt. høgtider frå andre livssyn/religionar som måtte vera representert i barnehagen.
- Me samtalar og undrar oss saman med borna over ekstensielle, etiske, religiøse, livssynsmessige og filosofiske spørsmål.



## NÆRMILJØ OG SAMFUNN



Borna sin medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera borna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at borna kan oppleva tilhøyrse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformer er ein del av fagområdet.

### Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Borna sine innspel er med og påverkar kvardagen i barnehagen.
- Me brukar nærmiljøet aktivt til leik, undring, turar og friluftsliv generelt.
- Me har faste plassar me går turar til i nærområdet: Soltoppen, Velteplassen, Lavvoen, Vikingplassen, Kollitræ, Rullebakkane, Kleiva...
- Dei eldste deltar på »Generasjonssang «på Osterøytunet.
- Me arbeider med likestilling mellom gutar og jenter og med å gje begge kjønn like mykje merksemd og like reaksjonar.
- Me vitjar Osterøy bibliotek og Osterøy museum.
- Førskuleborna reiser på bading på Osterøy Ungdomsskule.
- Me lærer om samane og markerer samane sin dag 6. februar.
- Me har menneskerettane som tema og markerer FN-dagen 24. oktober.

### ÅRSHJUL, slik det ser ut, i grove trekk:

**August:** Tilvenning – bli kjent

**September:** Rein hand, Brannvern, politi og ambulanse

**Oktober:** Haust, familie, identitet, kropp, FN og menneskerettar, eventyr

**November:** Nordisk litteraturveke 9. – 15. november, førjulsaktivitetar

**Desember:** Advent, Luciadagen, Nisse/grautdag

**Januar:** Vinter

**Februar:** Vinter, Samefolkets dag 6. februar

**Mars:** Barnehagedagen 9. mars. Tema: Klima og miljø

**April:** Påske

**Mai:** Vår, åkeren, nasjonaldag

**Juni:** Sommar, FAU arr. sommarfest, avslutting førskuleborna

**Juli:** Sommar, feriestengt?

**Planleggingsdagar: 10.08., 11.08., 06.11. 2020. 04.01., 05.02., 14.05.2021.**